Øyvind Staveland i Vamp:

– Er ein av dei be konsertsalane

Kjende låtar: *Publikum fekk mange av dei mest kjende låtane som vamp har gitt ut gjennom 20 år. (Alle foto: Erling Wåge)*

Frontfiguren i Vamp meiner Samfunnshallen på Tennebø er ein av dei beste konsertsalane på Vestlandet.

Erling Wåge
erling.waage@fjt.no
911 80 780

Det er sjefen i eit av dei mest populære folkrockbanda i Norge i to tiår, Øyvind Staveland, som rosar kulturen si storstove i ytre Nordfjord, Samfunnshallen som er ein del av fleirbruksanlegget til Nordfjordhallen Drift.

Staveland var svært godt fornøgd med konserten han og gruppa Vamp heldt i Måløy denne veka.

Og etter 20 år på turné i Norge så er det ein av dei mest erfarne på sitt felt som uttalar seg.

– Det er alltid moro å spele konsertar i Måløy. Det har vore omtrent fullt hus kvar gong vi har vore her. Det har vore veldig god stemning, sa Staveland etter at gruppa hadde servert folk i ytre Nordfjord litt av det beste gruppa har laga av musikk desse åra.

Og Staveland er ikkje snau når han snakkar om Samfunnshallen som konserthall.

– Dette er ein av dei beste konsertsalane som vi spelar i, i alle fall på Vestlandet.

– Både vi og lydteknikarane føler vi har full kontroll på lyden i denne salen. Salen er veldig god for den musikken vi spelar. Salen er passeleg tørr, og vi føler vi får fram alle detaljar som vi er opptekne av, sa Staveland til Fjordenes Tidende etter konserten.

Frontfigur: *Odin Staveland, son til Øyvind Staveland, er ein av frontfigurane i gruppa.*

Vamp brukte anlegget som er i Samfunnshallen, og det fungerte altså perfekt.

Staveland er også veldig imponert over dei lokale arrangørane i Nordfjordhallen drift, som fiksar alt og som er flotte å samarbeide med.

– Dei legg alt til rette på ein ypparleg måte, sa Staveland.

Han seier både bandet og teknikarane som er med på produksjonen er veldig begeistra for Samfunnshallen.

– Vi likar oss absolutt i Måløy, og det er difor vi kjem ofte tilbake hit, sa Staveland.

Etter konserten tysdag kveld hasta han og gruppa vidare til Ulsteinvik der dei hadde konsert neste dag.

Vamp held denne hausten 44 konsertar i heile Sør-Norge. Turneen starta i slutten av oktober, og varer til i midten av desember.

Og slik har gruppa halde på i 20 år, så det er absolutt ein med lang erfaring som uttalar seg.

Vamp var i Måløy i 2009 og i 2012.

– Ein fantastisk konsert

Britt Småvik og Arve Per Kvalheim frå Måløy var to av 500 som fekk ei fantastisk jubileumsførestilling med Vamp i Samfunnshallen denne veka.

Storkosa seg: Dette var veldig bra. midten) og Britt Småvik (til høgre)

– Dette var heilt fantastisk. Tenk å vere så levande og bra etter 20 år i norsk popbransje.

Det sa Britt Småvik etter at ho og alle dei andre i salen hadde stått og trampeklappa fram to ekstranummer av Vamp.

Ho har alltid likt Vamp og låtane deira, og tykte det var stas å oppleve dei live.

Og det var vel ikkje heilt tilfeldig at ekstranummera vart to av dei største hitane til gruppa, *Tir n'a Noir* og *Liten fuggel*.

Og dei kom sjølvsagt etter ein svingande versjon av *Månemann*.

Det var ein flott konsert der det svinga mellom nye og eld-

Vi storkosa oss, sa Arve Per Kvalheim (i etter Vamp-konserten.

re slagerar.

Det var fantastisk god lyd. Lyseffektane som vart brukt saman med svært så levande artistar, bidrog til å lage ei veldig god ramme rundt melodiane.

Alle vi snakka med etter konserten var begeistra.

Jubilerte med 500 i salen

Konserten i Samfunnshallen tysdag var ein del av jubileumsturneen til gruppa Vamp.

Det er 20 år sidan den populære gruppa gav ut si første plate, *God morgon søster*.

Etter det har det vorte 13 album. Og med jamne mellomrom så har gruppa hatt slagerar som har brent seg inn i norske folk sine hjarta.

Konserten i Samfunnshallen onsdag var ein del av jubileumsturneen til gruppa. Det gjekk i eitt i halvannan time, og dei mest kjende låtane kom som perler på ei snor.

I tillegg til besetninga i bandet i dag, som består av Øyvind Staveland, Torbjørn Økland, Carl Ø. Apeland, Paul Hansen, Odin Staveland og Torstein Lofthus, så var den første vokalisten i gruppa, Jan Ingvar Toft, med på konserten.

Fornøgd: *Dagleg leiar i Nordfjordhallen Drift, Ronny Silden Totland var godt fornøgd med Vamp-konserten.*

Dagleg leiar i Nordfjordhallen drift, Ronny Totland Silden, var svært godt fornøgd både med at det var 500 i salen, og med den flotte konserten.

– Det var veldig bra. Og det er tydeleg at publikum likte det dei fekk servert. Med tanke på alle konsertane og alt som skjer i desse dagar, så var det bra med 500 i salen. Det er tydeleg at Vamp er svært så populære, sa Totland.